



## Riv ned gjerdene

**Program på NRK TV søndag 19. oktober 1986**

Noregs Ungdomslag var ein av dei 10 landsomfattande organisasjonane som i 1986-1987 fekk moglegheit til å sende eit eigenprodusert TV-program i NRK i serien TV-Ti. Teater G 35+ vart invitert til å representere NU med eit program som tok for seg det internasjonale engasjementet i organisasjonen. Saman med skodespelar og instruktør Magne Olav Brevik og produksjonsselskapet Studio Oslo v/Sverre Pedersen stod teatergruppa for opplegg og gjennomføring av programmet.

Sendedato for programmet fall saman med «Hjelp uten grenser», Kirkens Nødhjelp sin TV-innsamlingsaksjon. Noregs Ungdomslag hadde i nokre år eit samarbeidsprosjekt med Kirkens Nødhjelp i Nicaragua. Teater G 35+ valde derfor solidaritet som tema for TV-programmet. og brukte sangar og materiale frå kabarétane «Riv ned gjerdene» og «America Libre».

I samband med førebuingane til TV-programmet arrangerte teatergruppa 10. oktober ein internasjonal kveld i Halli i Nordahl Brunsgate 22., der det vart gjort opptak til programmet. Det var besøk bl.a. av Petter Skauen og Thor Ullerø frå Kirkens Nødhjelp, sangaren Carolina Maira, og Aslak Aarhus og Vegard Bye som viste bildespelet «Nicaragua». Teater G 35+ presenterte «America Libre».

Desse var med i TV-programmet: Magne Olav Brevik, Kjell Austin, Jorunn Bleken, Rønnaug Haugstad, Jan Hellerud, Mona Hermansen, Marit Hoel, Kari Anne Kaurstad, Nils Kårfald, Bengt Arild Morken, Anita Spiten, Catrin Wesenberg, Dag Ødegaard og Lars Ole Ørjasæter.